



Olav Birkeland Bergsvik  
Vassbygdvegen 279  
5912 Seim

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 22/4210 - 23/5106

Sakshandsamar:  
Svein Arne Vågane  
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:  
19.01.2023

## **Endring av vegklasse. Tilkomstveg til tunet på gbnr. 182/3 Gausereid**

**Administrativt vedtak: Saknr: 075/23**

### **VEDTAK:**

Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar godkjenner Alver kommune at vegen med tanke på stigning skal byggjast i samsvar med krava til vegklasse 5 i «normaler for landbruksveier – med byggebeskrivelse».

Ved enden av vegen (ved tunet) godkjenner kommunen at det vert etablert ein oppstillingsplass for bilar.

Elles gjeld vedtaket av 18.08.2022 med tilhøyrande vilkår.

### **Saka gjeld**

18.08.22 fekk Olav Birkeland Bergsvik godkjent oppgradering av tilkomstvegen til tunet på gnr. 182, bnr. 3 Gausereid til vegklasse 3. I samband med detaljplanlegging syner det seg at det er uråd å stette krava til stiging på delar av vegstrekningen.

### **VURDERING:**

Vegen skal gå i særst bratt terreng – sjå fig. 1. Det er for delar av vegen uråd å stette krava til stiging i vegklasse 3 som vegen vart godkjent som. Krava for vegklasse 3 inneber at stigninga ikkje må overstige 10%, men der ein over kortare strekning (60m) kan godkjenne stigning opp til 12%. Detaljprosjekteringa syner at vegen får ei stigning på 14%, men der eit stuttare parti vil kome opp i 15,8% stigning. Krava til stigning i vegklasse 5 er at den skal vere under 20%. Vegen skal nyttast til personbilar opp til tunet. Ved enden av vegen skal det opparbeidast ein oppstillingsplass for bilane. Dette vart gløymt teke med i førre vedtak.

Det er etter kommunen sitt syn kurant å endre vegklassen slik at ein får ei stigning tilpassa denne. Dette då vegen ikkje skal nyttast til tømmertransport, men som tilkomst til tunet (bilveg).



*Fig. 1. Særleg i dette partiet (lengst bort frå fotografen) er det uråd å stette krava til stigning for vegklasse 3. Det er ikkje høve til å redusere stigninga i dette området og det er særst bratt ned mot høgre heile vegen opp der vegen er synleg i biletet. Å gå inn i fjellet til høgre, vil gje store skjeringar.*

#### **Regelverk**

- Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar
- Normaler for landbruksveier – med byggebeskrivelse

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «22/4210»

Med venleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Mottakarar:**

Olav Birkeland Bergsvik

Vassbygdvegen 279

5912 Seim

